

Tal på trykk

For å uttrykke mengder eller storleikar nyttar ein tal. Tal kan skrivast med siffer (**85**) eller bokstavar (**åttifem**), eller med siffer og bokstavar i kombinasjon (**19 millionar**). Iblant blir det òg nytta romartal (**XII**).

Det finst ei rekkje reglarar for kva ein bør velje i ulike samanhengar. Dei fleste er eintydige, men somme gir rom for skjøn.

Siffer eller bokstavar?

I tabellar, prislister og andre tekstar der tala er hovudsaka, nyttar ein siffer. I prosa-tekstar er hovudregelen at små tal blir skrivne med bokstavar og større tal med siffer. Grensa mellom små og stor tal går mellom tolv og tretten:

Ho var tolv år.

Det tok 15 år.

Ein bør likevel unngå å variere mellom siffer og bokstavar dersom det verkar inkonsekvent:

Dei var 11, 14 og 15 år gamle.

Dei var åtte, elleve og fjorten år gamle.

I tilfelle som det over, får ein bestemme seg for bokstavar eller siffer ut frå kva som synest mest logisk.

For omtrentlege tal tilrår Vinje bokstavar.

Reisa tar fem–seks dagar.

Valet mellom siffer og bokstavar kan òg avhenge av teksttypar. I skjønnerlitterære tekstar vil ein i større grad nytte bokstavar enn i sakprosa. Når ein i fagtekstar kvantifiserer noko, vil ein nesten alltid nytte siffer. Det gjeld òg for små tal:

**Ho var tolv år.
Det tok 13 år.**

Grensa mellom små og store tal går mellom tolv og tretten.

4 egg og 2 sitronar

3 skruar per seksjon

For tal som står saman med forkorta måleiningar nyttar ein siffer. Det same gjeld desimaltal. På norsk nyttar ein komma som desimalteikn:

45 kg

32,5 m²

Ordenstal kan skrivast med bokstavar eller med siffer og eit punktum:

8. veka

åttande veka

Men er ordenstalet eit regentnummer skrive med romartal, skal det ikkje ha punktum:

Håkon VI Magnusson

Håkon 6. Magnusson

I eitt eller fleire ord?

Hovudregelen er at tal under 100 blir skrive i eitt ord, tal over 100 i fleire ord:

trettiåtte

to tusen eitt hundre og trettiåtte

(På verdipapir blir gjerne store tal av tryggleiksgrunnar skrive i eitt ord.) Eit unntak frå regelen om tal over 100 er årstal som skal skrivast i eitt:

nittenførtifem

nittenhundreogførtifem

Store tal skrive med siffer blir gjerne delt i grupper på tre, skilde med mellomrom.

Det gir betre oversikt:

219 912,00

2 348 049,50

Datering

Datoar kan skrivast på ulike måtar. Alfa-numerisk (med bokstavar og tal) kan det gjerast slik:

fredag (den) 18. april 2008

Årstalet bør skrivast heilt ut. Ordet «den» kan med fordel utelatast, men ikkje dersom månadsnamnet manglar:

Fast termin er den 18. i kvar månad.

Her er «den» nødvendig. Ved numerisk

datering har ein òg fleire val:

18.4.2008

18.04.2008

Sjølv om det ikkje er nødvendig å skrive ein null framfor dag- og månadsnummer mindre enn 10, er dette i ferd med å bli kutyme. Romartal eller skråstrek skal ikkje nyttast i datoar på trykk.

Dersom ein vel å korte ned årstalet til to siffer, skal det korkje vere apostrof, bindestrek eller mellomrom framfor:

18.4.08

18.04.08

Ein må likevel rå frå denne skrivemåten fordi det først frå året 2032 av blir klårt at dei to siste sifra står for eit årstal. (Tal opp til 31 kan representere både årstal og dag. Tal større enn 31 kan berre representere årstal.) Ein bør òg vere merksam på at i USA er rekkefølga mm-dd-åå, og at 08.05.06 av ein amerikanar vil bli oppfatta som 5. august 2006.

Datering etter ISO

Den internasjonale standardiseringsorganisasjonen har i ISO 8601 (standard for representasjon av dag og tid) fastlagt skrivemåten år-månad-dag for numerisk datering i Europa:

2008-04-18

Sjølv om denne skrivemåten ikkje er godkjend av Norsk språkråd, er han i alminneleg bruk på fleire område.

Kvar finn eg meir?

Finn-Erik Vinjes *Skrivereglar* (nynno.: Aschehoug 1999, bm.: Aschehoug 2004), Øyvind Rannems *Typografi og skrift* (Abstrakt forlag 2005) og *Korrekturavdelingen.no* har informasjon om skiving av tal. For datering etter ISO gir NS-ISO 8601 informasjon. Standarden, som er skriven på engelsk, kan lastas ned frå <http://www.standard.no/>, og kostar kr 400.